



Saksframlegg

Skuleskyss - farleg veg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ungdomsrådet		
Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg		
Rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne		
Formannskapet		
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Dokument i saka:

Kart som viser radius 1 km og 2 km

Vedlegg

- 1 Skuleskyss, radius 1 km 1.-7. klasse**
- 2 Skuleskyss, radius 2 km 8.-10. klasse**

Bakgrunn for saka:

I vedtak i Formannskapet - 05.03.2025 ber politikarane om at det blir greia ut om at alle ungar i småsteget og mellomsteget får gratis skuleskyss, frå 1 km, eller mindre ved farleg veg. I ungdomsskulen får dei skuleskyss frå 2 km.

«Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringen (opplæringsloven) kapittel 4 omhandler elevers rett til skuleskyss. Det er i hovedsak *tre forhold* som kan gi elever i grunnskolen rett til skyss:

- avstand mellom hjem og skole (mer enn 2 km for elever på 1.trinn og mer enn 4 km for elever på 2.- 10.trinn)
- nedsatt funksjonsevne, skade eller sykdom
- en del av skoleveien er særlig farlig eller vanskelig»

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Varetake mjuke trafikkantar, legge til rette for å skape gode bustadar og nærmiljø og ha eit heilskapleg og likeverdig oppvekstperspektiv frå 0til 18 år.

Trygg skuleveg er viktig for alle barn i Fyresdal kommune. Ei trafikkulykke eller uhell der barn er involvert er svært uheldig og kan få store ringverknadar. Det er også vanskeleg å bruke økonomi som eit argument i slike saker. Enkelt vedtak skaper presidents og samanlikning og prinsipp for likebehandling er viktig.

Trafikken har auka i bygda og kan auke ytterlegare med ei næringsutbygging, spesielt i området Molandsmoen- Verpet.

I samfunnsdelen har kommunen sagt at ein skal vareta mjuke trafikkantar og legge til rette for å skape gode bustadar og nærmiljø. Eit godt nærmiljø vil ha fokus på tryggleik, derav også trafikk. Eit heilskapleg oppvekstperspektiv vil også ha trafikkførebygging som eit fokus for å gje tryggleik og meistring til ein god oppvekst.

For å få oversikt over elevar i småsteg og mellomsteg har vi avgrensa dette i ein radius frå skulen på 1 km og på 2 km når det gjeld ungdomssteg.

Trygg Trafikk legg desse momenta til for objektive vurdering for skuleveg:

«Kor går den aktuelle skulevegen, alternativ veg, fartsnivå, trafikkmengde, tilrettelegging for fotgjengjengerar, vegbreidde/vegskulder, sikt og siktsoner, vegkryss, inn- og utkøyning, kryssing av veg, gangfelt og vegforhold om vinteren.»

Litt om dei ulike områda:

Grunnvik og nordover til Verpet

Frå skulen og nordover er det god gang- og sykkelveg. Denne er opplyst, strødd og brøyta vinterstid. Elevar treng ikkje krysse Fylkesveg 355, bortsett frå dei som bur oppover Vadlivegen. Det er ikkje merka overgang frå Vadlivegen til gang- og sykkelveg.

Snarteland og nord for Verpet

Både ned til Snarteland og nordover Fylkesveg 355 er det 80 km grense, ikkje ljøs, ikkje gang- og sykkelveg og ein del trafikk i tida til og frå skulen.

Sentrum og sentrumsnære bustadområder

Prærien og bustadar langs Landstadvegen

Her er grei tilkomst til skulen. Frå Prærien kan ein bruke gang- og sykkelvegen til skulen eller ein kan sykle vegen i bustadfeltet på Prærien, her kan det vere noko meir trafikk ut frå husa.

Landstadvegen ligg svært nærme skulen, men bustadane ligg på sørsida av vegen og elevane må krysse denne for å kome over på fortaug. Når dei kjem til rundkøyringa ved barnehagen er det ikkje merka overgang til neste fortaug opp til skulen. Elevane kan også ta rett over Landstadvegen til kulturhuset og ned til skulen. Landstadvegen har 30 km-sone.

Tøddebakkane, Kåsegrend og sentrum

Elevar frå Tøddebakkane og Kåsegrend kan sykle gjennom Tøddebakkane og ned. Her er ikkje fortaug eller gang- og sykkelveg. Vegen er heller ikkje opplyst. Elevane kan også sykle ned Sitjevegn eller bruke fortaug her. Denne vegen er opplyst.

Om elevane kjem frå Tøddebakkane, Kåsegrend og Sitjevegen eller sentrum må dei krysse Fylkesveg 355 ved bank-krysset. Her er det i seinare tid laga opphøgna gangfelt. Elevane i sentrum sykklar i gjennom byn. Her er det lite trafikk og det er opplyst, men kan nok vere noko uoversiktleg vinterstid, grunna snomengde. Farten er 30 km.

Ned langs Århusjordet og ut frå sentrum er det fortaug langs vegen, men ikkje overgang i krysset inn til sentrum eller SPAR.

Det er ikkje merka overgang i gang- og sykkelveg over Landstadvegn eller ned til idrettshallen. Elevane kan også sykle direkte frå kulturhuset og ned til skulen. Her må ein vere obs på bussane og levering frå foreldre.

Bankkrysset

Fartsgrensa er 60 km på Fylkesveg 355. Krysset er ganske oversiktleg. Overgangsfeltet er opphøgna, slik at bilar må sakke farten. Det er skilta frå begge sider og farten er sett ned til 40 km.

Det er gateljos langs Fylkesveg 355.

Skal ein kommentere noko her, må det vere gangfelt over mot kulturhuset i starten av Landstadvegen og at ein er obs på siktsoner vinterstid. Her kan også bli litt opphopning av bilar i visse tidsrom.

Sørbygda, Gamleveg til og med Nesland

Elevar frå Sørbygda brukar ofte same trase som elevar frå sentrum. Dei sykklar ofte Gamleveg og igjennom sentrum. Gamleveg kan nok ha visse utfordringar vinterstid, då det ikkje er ljøs langs vegen. Men det er elles skilta med kun innkøyring til eigedomane og 30 km-sone. Alle må krysse over riksveg 355 for å kome til skulen.

Nokre sykklar også langs Fylkesveg 355. Dei treng då ikkje krysse over hovudveg.

Mange elevar i dei sentrumsnære områda kjem seg til skulen på eige initiativ eller ved at dei blir køyrde til og frå skulen. At elevar blir køyrde kan også skape farlege situasjonar.

Det er dei siste åra sett inn fleire tiltak som fast trafikktema på foreldremøte, trafikkopplæring, «hjertesone» og rutinar for inn og ut køyring av parkeringsplassar, rutine på at alle tilsette ryggar bilen på plass ved parkering, for å betre tryggleiken.

Det er fleire ting som må vurderast ved særleg farleg eller vanskeleg skuleveg og Utdanningsdirektoratet legg dette til grunn:

- «Objektiv vurdering: Kartlegge alle relevante forhold ved veien og trafikkforholdene og vurdere om dette er «særleg farlig eller vanskelig»
- «Subjektiv vurdering: Vurdere om den enkelte eleven har forutsetninger for å ta seg forsvarlig frem i det aktuelle trafikkbildet.»

«Momenter i den objektive vurderingen:

Momenter som kan være aktuelle i denne vurderingen er bl.a. fartsgrense, trafikk tetthet, tilrettelegging for fotgjengere, bredde på veien, sikt, gangfelt, belysning og veikryss.

Det er viktig å huske på at veiforholdene kan endre seg i ulike årstider (lys/sikt, føre og brøyting). Dette kan føre til at en elev får en farlig eller vanskelig skolevei deler av året.

Selv om den korteste veien til skolen er farlig eller vanskelig, kan det være andre veier som ikke er farlige/vanskelige og som heller ikke gjør at skoleveien blir så lang at den utløser rett til skyss. Kommunen kan også velge å sette inn andre tiltak, f.eks. tilsyn, som gjør at veien ikke vil være særleg farlig eller vanskelig.»

«Momenter i den subjektive vurderingen:

Barnets alder, utvikling, syn og hørsel er eksempler på momenter som kan være sentrale i denne vurderingen.

Spørsmålet er om det er forhold ved eleven som gjør at veien blir «særleg farleg eller vanskeleg» for denne eleven.»

Barn er som regel i trafikken med vaksne og har difor liten erfaring som sjølvstendig trafikant. Dei er låge og får eit heilt anna synsfelt enn vaksne. Yngre elevar har problem med å sjå over hekkar og brøytekanter og er tilsvarande vanskelege å oppdage for andre trafikantar.

Motorikken er ikkje ferdig utvikla og barna kan ha vanskar med å stoppe brått dersom det kjem ein bil. Dei yngste elevane er leikne, impulsive og opptatt av detaljar som fangar interesse der og då. Vi kan ikkje forvente at dei tek perspektivet til andre trafikantar. Difor ser dei heller ikkje kva for konsekvensar deira åtferd kan ha for dei sjølve og andre.

Kjenneteikn på ein elev i 1.klassing

- liten trafikkerfaring
- små av vekst som gjer det vanskeleg for dei å sjå og bli sett
- ser detaljer, men oppfattar ikkje alltid samanhengar
- har vanskeleg å forstå det dei ser og høyrer i trafikken
- klarer ikkje å forstå avstand og fart til bilar som nærmar seg
- forstår ikkje at bilar kan dukke opp når dei sjølv ikkje ser dei
- følger reglar ukritisk

Kjenneteikn på ein elev i 2. og 3. trinn

- gradvis meir trafikkerfaring.
- meir kroppskontroll, men fortsatt leikande og impulsive
- tenker konkret og treng konkret rettleiing
- har vanskar med å ta andre sitt perspektiv
- framleis oppteken av reglar

Vurderingane ein skal ta i saker som omhandlar trafikktryggleik vil ha nær samanheng med vekting til barnet beste etter Grunnloven § 104 og barnekonvensjonen art. 3 nr. 1. der det står at vaksne skal gjere det som er best for barnet.

Alle saker om særleg farleg skuleveg vil bli behandla individuelt, då kvar sak er spesiell og elevar har ulike forutsetningar for å ferdast i trafikken.

Når det gjeld barnets beste i denne saken må det bli ei generell vurdering ut i frå informasjon, observasjon og trafikk- og utviklingsteori.

Barnets beste i trafikken handlar om å minimere risiko og maksimere sikkerheit gjennom tilpassa tiltak og opplæring. Trafikktryggleik er svært viktig. Når barn kjenner på tryggleik og meistring vil dei kjenne på læring og glede.

Barnets beste er også sentral i tilførselsskyss.

Som 1. klasse elev har du rett på skyss frå heimen når vegen er 1 km eller lengre til buss eller skule. Når eleven går opp i 2. klasse blir kilometergrensa auka til 2 km. Å gå 2 kilometer ein veg kan vere langt for ein 2. klassing. Verken den fysiske eller psykiske utviklinga er i takt med denne endringa i regelverket. Det kan vere strekningar som kan vere utfordrande å ferdast på som liten; mørke, sno, stor vassgang i bekkar, stor stigning, villdyr og ikkje ljøs. Det er ikkje alltid at foreldre kan køyre og dette kan vere bekymringsfullt for både elev og foreldre.

For neste skuleår er det 136 elevar ved Gimle skule, 74 av desse har skuleskyss frå hausten. Dersom alle elevar skal ha tilbod om skyss frå 1 km frå 1. klasse til og med 7. klasse og alle elvar i ungdomsskulen frå 2 km, utgjer dette totalt 95 barn, inkludert spesialskyss. Då står vi ein differanse på 21 barn, som kan få tilbod om skyss jf. formannskapet sitt vedtak.

I denne saka har sakshandsamar hatt tett kontakt med Telemark Fylkeskommune som har ansvaret for skuleskyss. Dei seier at dei er i ein krevjande situasjon når det gjeld drosjekapasitet. Dette gjer at det er ei viss fare for at ein ikkje kan få med alle elevane, då må kommunen ytterlegare prioritere kven som skal med og ikkje.

Dei seier også at ei slik løysing kan påføre elevar som i dag har rett til fri skyss etter opplæringslova ein kvalitativt dårlegare skyss og skyssen vil bli kostnadskrevjande for kommunen. Fylkeskommunen vil ikkje akseptere at elevane som har rett til skyss får ein dårlegare skyss for at kommunen skal tilby ei teneste som ikkje er lovpålagt.

Kommunen kan kjøpe plassar på allereie oppsette bussar der det er ledig kapasitet/plass, men kommunen må betale kostnaden fullt ut dersom det må setjast inn ekstra materiell, som er tilfellet i Fyresdal.

For å hente ytterlegare 21 barn (nokså sentrumsnært) vil kostanden på dette bli i overkant av 1 million kroner i året, då ein må sette inn både drosje og buss. Det kan også bli ytterlegare venting for fleire. For 2026 kjem det nye satsar grunna krav om el-køyretøy. Då kan utgiftene til skuleskyss auke med 60 %.

Konklusjon:

Det er positivt at politikarane ynskjer det beste for dei mjuke trafikantane og skulevegen er viktig.

Ein tenker likevel ikkje at det er nødvendig å sette inn skuleskyss for områda frå 1 km og frå 2 km frå skulen, jf vedtak i formannskapet. Fleire stadar er det fleire ruter å vele mellom, farten er låg og det er nokså oversiktleg.

Meir skuletrafikk vil gjere skulevegen endå meir utsett. Fleire kan måtte vente lenger eller få lengre skyss både til og frå skulen. Ei slik løysing vil også kunne ha negative konsekvensar for folkehelsa, då elevane vil gå og sykle mindre.

Vidare utbygging av gang og sykkelveg i Fyresdal kan også bli nedprioritert frå Fylkeskommunen.

For miljøet er det heller ikkje ei gunstig løysing, då skuleskyss normalt har dobbelt så mykje posisjons-/tomkøyring som om føresette køyrer, då dei ofte skal same vegen som elevane.

I Statsforvaltaren sine klagesaker seier dei blant anna at skulevegen skal ha ein viss risiko, då elevar skal øve seg på dette. Dei seier også at det er foreldre og barn sitt ansvar korleis dei ferdast i trafikken og at dei må ta dei forholdsreglane som er, nemleg å vere synleg og kunne trafikkreglane. Refleksvest og hovudlykt er viktig, spesielt vinterstid.

Høg fart og ikkje gateljos er ikkje alltid samanfallande med farleg skuleveg.

Når det gjeld tilførselsskyss omhandlar dette også trygg skuleveg. Det er skrive noko om dette under vurdering, men er ikkje ytterlegare drøfta i denne saken.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Fyresdal kommune opprettheld dagens ordning med skuleskyss.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Liv Johre-Bakke
	kommunalsjef kultur og oppvekst